Til: Fyresdal Kommune v/Mona Gundersen 26.10.2026

Kopi: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Supplerande merknad til; Tilbakemelding på mottatte klager på vedtak om endring av rammeløyve for gbnr. 38/133 og 134.
Eg viser til mine tidlegare innsendte merknadar i klagesaka og kjem her med ein supplerande merknad.

Ny informasjon i Rev06 om plassering av nødstraumsaggregat
Det blei i støyrapport Rev06 lagt til informasjon i punkt 4.2 om at nødstraumsaggregata er plassert 5 meter over terreng på bakkenivå, samt i punkt 4.2.2 der det stend at dei er plassert 5 meter over terreng.

- Sidan kjølemaskinane på tak er satt til 25 meter over terreng(tak), vil ei objektiv tolking seie at støykjelda frå aggregata bli endå høgare enn 5 meter, då dei eksterne kjøleviftene/radiatorane samt lydfeller for eksos er plassert på taket av eksosutslippet.
- Sidan dette er ny informasjon i forhold til tidlegare revisjonar, er då støyberekningane i Rev06 rett?

Kommunen har fleire gonger vist til at den etablerte vollen som er bygd mot oss naboar, vil i tillegg til å hindre innsyn, også dempe støy. Samt at den etterkvart vil gro til med skog som òg vil auke støydempinga. (Ifylgje blandt anna desse dokument: 2025/183-89 og 2025/183-54)

- Det er ikkje teke omsyn til vollen i støyrapporten, og det er heller ikkje vist til nokon dokumentasjon som kva for effekt denne vollen vil ha. Påstanden om støyskjerming er dermed ikkje underbygd av nokon berekning.
- Då støykjeldane i form av kjøleaggregata på tak (høgde over 25meter), samt den nye informasjonen med plassering av nødstraumsaggregat (5 meter over bakkenivå/terreng), vil vollen gje lite eller inga demping då vollen varierar i høgde på 3-8 meter og vil då ikkje bryte siktlinja til støykjeldane.
- Vegetasjon vil gje generelt lite støydemping då vollen og avstanden mellom boligar og industriområde ikkje legg til rette for eit breitt og tett skogbelte.

Kva eg ber kommunen om;

- At tiltakshavar og Sweco gjer greie for kva «5 meter over terreng» tyder for nødstraumsaggregata, og om dette samsvarar med teikningane/berekningane.
- At kommunen opplyser høgde på vollen, og kvar han ligg i høve til aggregata, kjølemaskinane og bustadane.
- At verknaden av vollen blir berekna i støymodellen dersom kommunen vil leggje vekt på han, og ellers at påstanden om støydemping blir teken ut av vurderinga.

Venleg helsing
Jostein Nedrebø